

Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

3. juli 2019

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Istdalstø

Ta vare på Lonena

Merknader til områderegulering for Lonena

Lindås kommune planlegg storstilt utbygging med frå 400 til 800 bueiningar i Lonena.

For Knarvik som regionsenter er Lonena eit pustehol. For friluftslivet og folkehelse kan ikkje området vurderast høgt nok slik det ligg tett inn til der folk bur. Området er lett tilgjengeleg og vert svært mykje brukt både av skular, barnehagar og institusjonar på dagtid og idrettslag, trimmarar og friluftssøkande i alle generasjonar i fritida. Å gjera dette området inne med bustader vil rasera store naturområde og vera øydeleggjande for opplevingsverdien av Lonena. Det kan dessutan føra til auka avrenning inn mot vassdraget slik at biotopen vert skadelidande.

Dei hydrologiske konsekvensane som ei utbygging vil føra med seg for Lonena og avrenninga mot Kvassnesstamma og Osterfjorden, er ikkje godt nok greidd ut, men kan bli alvorlege med større fare for flaum, men òg inntørking i tørre periodar. Så langt vi kjenner til, er det heller ikkje gjort separate biologiske undersøkingar i Lonena, m.a. av insekter og amfibiar. I Artsdatabanken er det registrert vipe, som er sterkt trua. I mange tilfelle vil ei slik registrering vera tilstrekkeleg til å stoppa utbygging.

Fortetting er god miljøpolitikk. Utbygging av Lonena er det motsette fordi det allereie finst godkjende reguleringsplanar med eit fortettingspotensiale i sjølve Knarvik tilsvarannde 2000 bustadeiningar. Då er det uakseptabelt å ikkje ta omsyn til markagrensa mot eit friluftsområde (Istdalstømarka) som Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune meiner har «stor regionale verdi».

SSB si folketalsframskrivning for 2040, oppdatert 26. juni 2018, stipulerer ein vekst i Lindås kommune på 2511 innbyggjarar. Den veksten skal ikkje berre skje i Knarvik, men i heile den noverande kommunen. Fortettingspotensialet i Knarvik utanom Lonena på 2000 bustadeiningar vil langt overstiga veksten som SSB stipulerer. I tillegg kjem planar om bustadbygging mellom Istdalstø og Alversund og på Mjåteit og i Langelandskogen i den nye kommunen. Kvifor då ofra Lonena?

Naturvernforbundet Nordhordland oppmodar Lindås-politikarane å ta vare på og utvikla Lonena for friluftsliv og folkehelse utan nye store naturinngrep og å respektera markagrensa. Det kan politikarane gjera ved å gå inn for 0-alternativet, dvs. inga utbygging.

Jan Nordø
leiar
Naturvernforbundet Nordhordland